Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44. | Fylke: Møre og Romsdal.

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: F r æ n a.

Emne: V e v i n g. | Bygdelag:

Oppskr. av: Hans Haukås. | Gard:

(adresse): Elnesvågen | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Elen Lien 86 år--Elnesvågen
Karen Elnes--70 år- bondekone.Elnesvågen.

SVAR

Sp.1.Utanpåklær til mannfolk var vanle-Vadmål-men til sommarbruk vov ein ogso av halvull-bomulls-renning og ull innslag.
Plagga var:bukse,trøye(jakke)vest.Av vadmål ogso Vinterfrakk.
Vadmål -var av ull -både renning og innslag.
Ein tredde skjeia med to tråder millom kvar tind,og bruka 4 skaft.
Venstre trøe- var bunde til fremste skaft-2 dre trøe til neste skaft ,o.s.v.
Ein vov i V e n d.
Ein trødde då frå venstre til høgre-og trødde ned to trøer i gongen,men annakvar trø-altso nr.1 frå venstre og nr.3.-so nr.2 og nr.4.-so nr.4 og 1.

På denne måten vov ein ogso vanlege ullteppe-men i ullteppe hadde ein berre ein tråd millom kvar tinn i skjeia.

Sp.2.Kvinneklær:-kjoler-skjørt-bluse-Dei var vanleg av halvull-bomulls-renning og ull innslag.
Ein bruka 4 skaft og to trøer.To skaft var då bundne til kvar trø- Slik vov ein lerret og vanleg kjolety

Sp.3.Underty var vanleg vove i Vend.Plagga var:skjorte, Overskjorte og bukser(benkler) for menn.Serk,snøreliv og benkler for kvinner.
Stoffet var lerret og halvull.Vevemåten var som for Vadmål.

Sp.4.sengeforheng var halvullty-vove som kjolety og lerret.

Sp.5.Sengety:Laken og putevar av lerret-Undertepper av halvull-og ull.
Overdyner var vovne i Bommervend,både i halvull og ull.
Oppsetnad som i fig.1.4.skaft-4 trøer.Venstre trø til fremste skaft-neste trø til 3.dje skaft.tredje trø til 2det skaft-4de trø til fjerde skaft.

Fig. 1.




9423

Ein trødde ned ei trø i gongen.

Sp.6.For dukar servietter og handkler var vanleg nytta ein annan vevemåte-dei kalla- Odd og Vend.

Skilnaden frå Bommervend var her i Håvollinga.Her vart det håvolla i siksak.(sjå fig.2) so ein fekk ruter i veven.

Fig 2.




Sp.7.

Handkler -sjå Sp.6.Elles var handkler ogso vovne i vanleg Vend.

Sp.8.Åkler-tepper. -etter E l e n Lien Elnesvågen.
Slikt er det omtrent slutt med å veva på gardane no.Den siste som dreiv noko større med det var Elen Lien-Rødal.

Vevstolen hadde 8 par skaft og 6 trøer.Av dei 8 skaftpara hadde dei 4 bakerste håvåll-og var oppbundne som i vanleg toskaftvev-to skaft på ei trøe.
Dei 4 fremste skaftpara var for roseveven.Her var bruka Håvåll med lange øier-8-1o cm.lange.Kvart skaft var bunde til kvar si trøe etter kvarandre frå venstre.Dei fire millomste trø var til roseveven-og ytterste venste og ytterste høgre trø var til toskaftveven.
I roseveven var Håvållinga viktugaste og vanskelegaste arbeidet.I toskaftveven gjekk 4 tråder gjenom kvart øie- (to av dei) og dei gjekk lause millom håvålla i roseveven.

I roseveven rette håvållinga seg etter rosemønstret.
--sjå vedlagte tegning.--

Når veven var håvålla og ferdig oppsett,bruka ein to vevskytlar--ein for det kvite bomullsgarnet--og ein for det farga ullgarnet.
Vevinga tok til eit-eller to kvite innslag sidan var det vekselvis eit innslag av farge og eit av kvitt.
Trøene for roseveven trødde ein med den eine etter den andre frå venstre til høgre og tilbake att.

Slik er forklaringa eg har fått.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING




Venstre
Håvålling:
4 tråder gjennom 1.
4 " " 1 og 2
4 " " 2 og 3
4 " " 1,3 og 4
4 " " 2 og 3
4 " " 1 og 2
4 " " 1 og 4
4 " " 3
4 " " 1 og 4

I Håvål øye 1 og 2 blir 8 tråder
I Øye 3. 12 tråder
I de smale firkanter 4 tråder

Denne fig. er gjentatt i mønstret 4½ gang.

I

Denne figur gjentas med de smale ruter 7 gange og avsluttes med samme figur som det begyndes med

Håvålling:
4 tråder gjennom 1, 2, 3 og 4
4 tr. gj. 2 og 4

Avslutnings figuren i feltet håvålles omvendt.
De smale firkanter har 4 tråder gjennem hvert öie — men veksel vis gjennem 1 og 3 og 2 og 4

II

Denne figur gjentas 5 gange og avsluttes som begyndelsen.

Håvålling:
4 tråder gjennem 1. 2. 3. 4 —
8 tråder gjennem 2. — 12 tråder gjennem 3.
8 gjennem 4 b.
12 tråder gj. 2 b og 3 c. — De smale firkanter har 4 tråder gjennem hvert håvålöie

III

Desse figurer er gjentatt 2 gange — fig. a. 3 gange
Håvållinga
4 tråder i förste öie
8 " 2 — " —
12 " 3 — " —
4 " 4a — " —
8 " 4b.
I fig X fra 4 — 16 tråder i hvert öie
I fig Y. fra 4 — 20 tråder i hvert öie

Derefter gjentas fig III

Desse figurer er gjentatt 3 gange og borden avsluttes med förste figur omvendt.

Håvållinga går fram av figuren med frå 4 til 16 tråder i håvålöiet.

De forskjellige figurer omveksles på forskjellige måter, som oftest slik at det blir symmetri mellem ytterkantene i veven.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9423